

SVAMPEN

Internavis for Volda vidaregåande skule - Nr: 1. November 2006

Internasjonal dag:

- Litt for dårleg planlagt

Tysdag 24. oktober var det Internasjonal dag, her på Volda vidaregåande skule. Internasjonal dag er ein dag der elevane sjølve tek initiativ til å setje opp eit program for dagen, utan noko som helst hjelp av lærarane. Årets ID- dag var prega av mykje rot og kaos, og elevane juksa med kvitteringslappane for å få gå tidlegare heim.

Hovudansvaret for denne dagen låg på Inga Bjørndal Klepp, med mange medhjelparar. ID-ansvarleg innrømmer at dagen var litt for dårleg planlagt. Dette kan også elevane ta skyld for. Dei som møtte hadde ei dårleg innstilling, tok ikkje initiativ, og engasjerte seg ikkje i aktivitetane. I tillegg fungerte ikkje "lappesystemet" slik det skulle. Forvirra og dårleg informerte elevar svarte med å jukse på lappane for å få gå tidleg heim.

KOMMUNIKASJONSSVIKT

Inga seier sjølv at grunnen til at ting ikkje fungerte som planlagt, var kommunikasjonssvikt mellom lærarar og elevane. Aktivitetane blei svekka av folk som ikkje møtte som avtalt, det skjedde også at elevar blei spurt ti minutt før skulestart, om dei ville vere ansvarleg for ein aktivitet. Nokre av filmene som skulle visast var heller ikkje komne i tide, men dei ansvarlege gjorde sitt beste og det meste ordna seg til slutt.

Dagen starta med eit informasjonsmøte i festsalen, og visning av



ein film om borna i Nepal, og kor vanskeleg dei har det. Meininga var å gje elevane eit innblikk i røyndommen, og få dei til å innsjå at dei faktisk kan hjelpe ein god del born ved å samle inn pengar på OD-dagen.

ULIKE AKTIVITETAR

Etter informasjonsmøtet kunne elevane velje mellom ulike aktivitetar. Det var obligatorisk at elevane deltok på minst fem av dei, og elevane kunne velgje mellom dei litt nyare aktivitetane og dei meir tradisjonelle. Elevane kunne velje mellom drama, kunst og forming, musikk, graffiti og feministisk sjølvforsvar. Det var mange jenter som ville lære å forsvare seg mot ekle mannfolk. Det føregjekk også annan fysisk

aktivitet denne dagen. I gymsalen kunne elevane ta del i den tradisjonelle "I og U land leiken", som går ut på at elevane skal sjå den store skilnaden mellom I og U land.

AVSLUTTA MED DALBHAT

Røde Kors var også ein vesentleg aktivitet, men fungerte meir som eit informasjonsmøte til dei meir interesserte, som ynskte å bidra med noko og hjelpe menneske rundt om i verda. Det heile vart avslutta med at nokre av elevane selde "Dalbhat" i kantina. Det er ein gryterett dei lagar i Nepal, med ris ved sidan av. Det var svært populært, og mange av elevane turde faktisk å smake på det.

Av: Ida Mork og Tone Rekkedal

Operasjon Dagsverk 2006:

Sterke meiningar om OD

OD står for Operasjon dagsverk og er eit prosjekt som foregår over heile landet. Det er Noregs største solidaritetskampanje for ungdom. Prosjektet stammar frå Elevorganisasjonen i Noreg, og den er styrt av ungdommar, utført av ungdommar og er for å hjelpe ungdommar. Det er heile 120.000 ungdommar i Noreg som arbeider på OD-dagen for å gi ungdommar i fattige land moglegheita til ei utdanning. I år var denne dagen den 26. oktober, og ca 450 stk. deltok frå Volda Vidaregåande skule.

OD valde i år å gi pengane til mellom 60- og 90.000 ungdommar i Nepal for at dei skulle få moglegheit til utdanning. Dei skal sørge for at ungdom som har droppa ut av skulen blir henta inn igjen og gi dei moglegheita til å fullføre skulen. I tillegg skal OD støtte dei engasjerte ungdommane i Nepal i kampen deira for retten til utdanning.

I år som alle andre år var det ein komité på Volda Vidaregåande som tok på seg ansvaret for å gjennomføre dette prosjektet på skulen her. Men bryr elevane her seg om OD?

Ungdommane på Volda vgs. har sterke, men varierte meiningar om dette. Agnes Bridge Walton (19), leiar for årets OD-komité på Volda vidaregåande, synest at alle skal få ha kvar si meininga om ting, også om OD. Ho seier at ho ikkje veit kvifor det er slik at nokre «drit» i OD, men at det kan vere fordi dei er dårleg informerte. Derfor oppfordrar ho folk til å seie ifrå om kva som er dårleg med OD, slik at dei kan prøve å gjere noko med det.

MANGLAR TILHØRIGHEIT?

-Eg trur ikkje det er slik at dei

som ikkje vil vere med gjer dette fordi dei ikkje bryr seg om dei fattige, men at dei ikkje har noko personleg tilhørlegheit. Dei får ikkje vere med å bestemme noko i prosjektet, men blir berre servert eit opplegg kvart år, og det gjer kanskje at konseptet får ei litt negativ haldning, seier Agnes. Ho legg til at ho synes det er synd at det er slik, for OD er meint å vere engasjerande og det går til eit svært godt formål.

- MANGE VEIT IKKJE KVA PENGANE GÅR TIL

-Det seier litt om kor kyniske dei er, uttalar Elisabeth Tonheim seg frå sidebenken. Ho synst ikkje noko om at ikkje alle er med på dette prosjektet. Amanda Heggen og Elisabeth er einige om at denne negativiteten er noko dei ikkje vil ha på denne skulen, nettopp fordi den smittar til andre.

Dei fortel at det er mange som ikkje veit kva pengane går til ein gong, og gjer det ikkje for å hjelpe folka i Nepal, men fordi det er eit opplegg på skulen. - Dette er dumt, og veldig egoistisk, seier Elisabeth. Dei føler at informasjonen om OD ikkje når fram til elevane.

Kva med dei som jobbar for OD men ikkje av den rette grunnen da?

-Eg synst det er ei synd at dei jobbar utan grunn, og det viser synspunktet om samfunnet, seier Inga Bjørndal Klepp.

- Men sjølvsagt er det betre at dei jobbar og gir støtte enn å sitje her på skulen. Dette handlar om korleis vi lever i dag.

MANGE GIDD IKKJE LYTTE

Inga fortel at mange ikkje gidd å lytte når dei snakkar om OD, og at ho trur det er på grunn av mangel på kjennskap. -Det er systemet i Noreg som er problemet, ikkje folka.

- Somme sit heime å ser tv ein heil dag og får likevel 300 kr frå foreldra for å støtte opplegget, og dette gjer dei fordi dei kan. Ikkje nokon annan grunn.

- There are no problems, only challenges, sleng Inga ut med flytande engelsk og eit smil rundt munnen.

Av: Mai-Elin Tran



Operasjon Dagsverk 2006:

- Fleire skulle engasjert seg

Ein gjeng gutar frå 3.klasse hadde også veldig sterke meiningar om OD- dagen. Sondre Skår seier at det ikkje er mange som jobbar for pengane lenger, men bere gir dei.

- Det er kjipt, seier han med eit alvorleg uttrykk. Er det at folk ikkje vil hjelpe dei fattige da eller er det konseptet sin feil at folk ikkje engasjerer seg?

- Det er bl.a informantane sin feil. I år var det veldig slapt, både OD og ID. Eg synst dei skulle hatt med fleire folk som engasjerer seg, og at lærarane burde ta meir initiativ, fortel Sondre.

LÆRARANE BØR TA SEG TID

Også Jørund Fet understrekar at lærarane skal ha ei aktiv rolle når det gjeld OD. - Dei lærarane som ikkje set av tid til OD i undervisningstida si, strid i mot målsetjinga som vi har på skulen.

- Dette synest eg lite om, seier Jørund.

BORTSKJEMDE

Då vi spør kva Sondre og gutegjengen synst om folk som ikkje jobbar på OD dagen, kjem dei med sterke utsegn alle saman.

- Dei er bortskjemde, kjem det ut av munnen til Sondre. Men han synst det er enda meir inhumant å vere på skulen enn å berre gi pengar. - Eg synst dei er ufølsomme, seier Cato Steinnes, og tilføyer at han vaska vindaugane både innandørs og utandørs på



* Gutegjengen meiner at elevane bør jobbe for pengane på OD- dagen. (f.v. Cato Steinnes, Sondre Fimland Skår, Narve Garshol Skurtveit og Øyvind Opsal Bakke) . Foto: Mai-Elin Tran

Kiwi, og at det var iskaldt ute.

- Men eg visste at det gjekk til ein god sak så det varma hjartet, noko som gjorde at eg ikkje fraus lenger, seier Cato og ler. - Ja, det gjeld oss alle, fortel Sondre, og Øyvind kjem med ein kort, men innhaldsrik kommentar:
- OD er bra, og ID er drit!

SKULLE FÅTT SETT KVA PENGANE GÅR TIL

Narve Skurtveit meiner at ein skulle fått sett kor pengane gjekk til i ettertid. Det hadde fått fleire til å engasjere seg, trur han. - Eg synst at dei som jobba skulle ha fått ros, utfyller Sondre.

-Ja, Utdanning er veldig viktig, education is the key to power, avsluttar Cato. Og heile gjengen fyrar ut i latter.

Av: Mai-Elin Tran

TIPS OSS!

Har du tips til saker vi kan skrive om i Svampen, eller vil du kanskje at noko du sjølv har skrive skal få plass i avisa?

Ta kontakt med redaksjonen!

Vi har også ei eiga e-post adresse:

svampen@volda.vgs.no

SVAMPEN

- Veggen blir til medan vi går

Elevane ved medielinja på Volda vidaregåande skule organiserer i år fredagane på ein ny måte. VG1 og VK 1 brukar eit fag som heiter prosjektfag til å fordjupe seg i ein av mediekanalane og arbeide med praktiske oppgåver der dei etterkvart skal lage eit eller fleire produkt. Meininga med dette er at elevane skal ha eit fag der dei slepp å tenkje på rapportar og prøver, men få meir tid til berre å arbeide praktisk og fokusere meir på produktet. Dei skal rett og slett få meir praksis medietrening.

Elevane fekk, stort sett, sjølve velje kva for mediekanal dei ville spesialisere seg i, men det var ikkje alle som fekk det høgste ønsket sitt. Elevane kunne velje mellom avis, radio, lydproduksjon, multimedia, web, animasjon og foto. Vi har snakka med elevane på dei ulike gruppene, og lærarane som har ansvaret for dei. Elevane var samde om at det var eit bra opplegg, og at dei var glade for at dei har fått dette faget i år. Det var også sett på som positivt at første og andreklassingane arbeider saman.

- Dette er eit pionerprosjekt, og verken elevar eller lærarar har vore borti denne måten å arbeide på før, seier Ståle Hansen. Han har ansvaret for Foto- og animasjonsgruppene. Ståle fortel at ingen endeleg plan er lagt, og korleis produkta skal bli vist er det heller ingen som er sikre på. Ståle seier likevel at ein del av planen er at dei ferdige produkta på ein eller annan måte skal publiserast for resten av skulen, anten i form av fotoutstillingar, filmframvisningar, web-publisering eller liknande.

Ein fotograf sin kvardag

Fotograppa skal lære korleis kvardagen til ein fotograf er. Dei skal lære seg å bruke aktuelt utstyr som kamera, lyssetjing, stativbruk og liknande. Elevane på denne gruppa har sjølve ansvaret for eiga opplæring av kamerabruk. Ståle Hansen understrekar sterkt at dette er fordjuping i fotografering og

ikkje bearbeiding i Photoshop. Han håper på at gruppa skal klare å få til to, kanskje tre, fotoutstillingar i løpet av dette skuleåret, og kanskje «the best of»- utstilling før sommaren.

Eige studio

Fotograppa har også vore så heldige å få eit eige fotostudio i kjellaren på hovudbygget på skulen. Ståle seier dei vil tilbringe mykje tid der, elles vil dei vere mykje ute og ta bilete.

Animasjon - vekk frå skjermen

Ståle vil gjerne at animasjonsgruppa skal kome seg så mykje vekk frå skjermen som mogleg, og bruke meir tradisjonelle teknikkar i form av klipping og liming av forskjellige figurar. Elevane på denne gruppa skal innom fleire teknikkar for animasjon, og lære korleis animasjon kan brukast ute i næringslivet. I tillegg skal dei studere animasjonshistore, for å få betre oversikt over emnet. Innanfor animasjon er det berre fantasien som kan sette grenser. Filmane som etterkvart blir laga, skal visast på lik line med fotograppa sine produkt. Desse to gruppene håpar også på å kunne invitere foreldre og søsken til foto- og filmframvisning.

Ivar Aasen-spel?

Gruppeleiaren for multimedia Håvard Krøvel-Velle, seier at dei framleis er på ide`stadiet. Dei veit ikkje heilt kva produkt dei skal arbeide med, men dei har fleire

idear. Han fortel at interaktivitet er eit viktig nøkkelord. Det er snakk om at dei skal lage interaktive spel og dokumentarar for internett. Ein av planane er då at dei kanskje skal lage eit Ivar Aasen spel. Dei veit enno ikkje kva dei kjem til å gå for, men det er meininga at elevane på skulen skal kunne nytte seg av produkta deira etterkvart, ved at dei blir lagt ut på heimesida til medielinja.

Vev- design, struktur og innhald

Som dei fleste andre gruppene har heller ikkje vev-gruppa heilt klart korleis produktet kjem til å bli, men tanken er at dei skal lage ei heimeside til medielinja her på skulen. Dei skal lage ei dynamisk vev-side, der det antageleg blir moglegheiter for å fortelje kva som skjer på medielinja i løpet av eit skuleår, og vise fram produkta som vert laga. Dei skal også lære seg å lage design, struktur og skilje desse frå innhaldet. Det er også snakk om ein blogg som er open for alle.

Ferdig til våren?

Målet er at vev-sida skal vere ferdig til våren, slik at den kan bli tatt i bruk til neste haust når det nye skuleåret byrjar.

Eige radioprogram frå medieelevane

Radiograppa har akkurat starta å sende eit fast radioprogram. Dei ville ikkje fortelje så mykje om programmet endå. (framhald neste side)

- Det får folk vite tidsnok, men vi har planlagt at det skal vere forskjellege program, som går under fem forskjellege sjantrar, og vi håper på å få med litt av det meste, fortel radioelevane. Dei skal mellom anna tilbringe mykje tid på lokalradioen til Volda. Det er sjølvstendig også viktig for denne gruppa at elevane her på skulen er interesserte i radioen

Musikk- og lydproduksjon

Dei av elevane som jobbar med lydproduksjon skal lære seg mykje innafor lydproduksjon, og mellom anna skal dei produsere for elevane ved musikklinja. Dei skal lære seg å arbeide med redigeringsprogram for lyd, opptak av lyd, nedmiksing av musikk og mykje meir. Det vert eit tett samarbeid med musikklinja ved skulen, sidan dei skal hjelpe elevane ved musikklinja å spele inn eit album. Vi skal ta opp alt i frå rock til A cappella seier produksjonsansvarleg lærar Jan-Terje Eidset.

Når dette albumet og eventuelt andre produkt skal vere ferdig er ikkje klart endå.

Avis for elevane ved skulen

Elevane som er med i avisgruppa skal lære seg korleis det er å arbeide som ein verkeleg avisredaksjon. Dei har fått i oppgåve å lage ei avis for alle elvane her på skulen. Her vil dei prøve å ta opp saker som interesserer elevane ved Volda vidaregåande skule. Kor ofte denne vil bli gitt ut, er framleis ikkje bestemt, vegen blir som sagt til medan vi går. Redaksjonen har som mål å få gitt ut ei avis i månaden. Om dette vil fungere veit vi enno ikkje.

Avisa blir førebels gitt ut i svart kvitt, for at produksjonen skal bli så rimeleg som mogleg. Redaksjonen har også valt ein elev-redaktør for avisa, og det er Ida-Mari Mork som har fått det ærefulle oppdraget. Ho skal ha eit lite hovudansvar for alt som

skal vere med i avisa, og kva alle arbeider med, men hovudansvaret skal sjølvstendig Synnøve Moltudal ha. Ho er rettleiar for avisgruppa, og ansvarleg redaktør. Vi i redaksjonen er interessert i respons og tips om saker, så vi har oppretta ei mail-adresse, som folk kan sende ris, ros og tips på.

Elevar og lærarar ved medielinja er positive til prosjektet. At VG1 og VK1 arbeider saman, er alle positive til.

- Å arbeide saman med nye fjes er berre kjekt, fortel Anne Marta Myklebust, som tilhøyrer radiogruppa. Vi håpar alle at produkta vi lagar, er noko alle elevane ved skulen kan ha glede av, og som kanskje kan pynte opp skulen litt. Kor vidt dette faget vert vidareført neste år, er det ingen som er sikre på. Det kjem an på korleis faget utartar seg i år, fortel Ståle Hansen.

Av: Ingeborg Leira og Ingrid Brautaset



Dette er avisredaksjonen som har ansvaret for å gje deg siste nytt frå Volda vidaregåande skule: Framme frå venstre: Ingeborg Leira, Ida-Mari Mork (elevredaktør), Tone Rekkedal, Mai-Elin Tran. Bak frå venstre: Synnøve Moltudal (ansvarleg redaktør), Ingrid Brautaset, Henrik Faustino Vatnebak, Pia Roald og Mariann Aurstad. Kontakt oss gjerne på e-post: svampen@volda.vgs.no

Globaliseringskonferansen

Agnes Bridge Walton frå skulen vår var ein av deltakarane på årets globaliseringskonferanse. Utenriksminister Jonas Gahr Støre, miljøvernminister Helen Bjørnøy og utviklingsminister Erik Solheim var nokre av frontfigurane som gjesta **Globaliseringskonferansen 2006**.

Den årlige globaliseringskonferansen holdt i år til i Folkets Hus i Oslo. På konferansen i år var det 1500 deltakarar, og det var til-saman 60 møter, seminarer og foredrag. Agnes Bridge Walton var ein av elevane frå skulen vår som deltok på konferansen. Ho satt i kampanje og studieutvalget, som laga programmet og som var ansvarleg for det.

Under konferansen jobba ho med planlegging. Konferansen svarte til forventningane hennar. Den store helten hennar under konferansen var Shalmali Guttal frå Focus on the Global South. - Ho snakka veldig levande og ein blei skikkeleg engasjert når ein hørde på ho, fortel Agnes. Ho har tidelegare vore veldig interessert i miljøspørsmål, og er det endå.



* Agnes Bridge Walton

No er ho i tillegg oppteken av WTO, fri handel og matsuverenitetprinsippet, som handlar om at alle menneskers tilgang på mat er sikra . Agnes vil også vere med på Globaliseringskonferansen i 2007. Då sit ho kanskje i rådet for sosialistisk ungdom. Agnes ser føre seg ein verden som set menneske og miljø framfor profit.

Av: Henrik Faustino Vatnebakk

Følgjande elevar frå Volda vgs. var med på Globaliseringskonferansen 2006

Edmund Einar Walton, Mailis Najdorf, Heidi Aglen, Inga Klepp Bjørndal, Mohammed Colhayee, Øyvind Sørdal Klungre, Gjertrud Skarsvåg , Ingrid Vik Henriksen, Elisabeth tonheim, Magnus Holen Susanne Egset , Maia Lisa Vik , Ina Bjørke Dypvik, Ingrid Torseth, Camilia Jelti, Anna Werenskjold, Cecilie Lid, Kathrine Eliassen , Andreas Humberset, Oda Skjåstad , Morten Volle, Kristina Myklebust

Burde OD gå av stabelen på ein fredag?

På OD- dagen er det ikkje alle elevane ved Volda vidaregåande skule som deltek. Det kan vere forskjellige årsakar til det.

Dei som ikkje jobba denne dagen skulle vere på skulen. Skuledagen for desse rundt 40 elevane varte frå klokka 08.10 til klokka 14.00. Dei som ikkje var til stades heile dagen fekk fråvær.

FÅ LÆRARAR

Det var veldig få lærarar på skulen denne dagen, så fråværet blei sjekka opp med lister som du skulle skrive deg på når du kom og når du for, men det var også oppsjekk ein gong i blant for å sjå kven som var der og ikkje.

SKULLE SKRIVE TEKSTAR OM OD

I det elevane kom fekk dei utdelt eit hefte med oppgåver dei skulle løyse. Dei skulle skrive tekster som handla om ungdomane i OD- landet Nepal og om sjølve OD- dagen.

Elevane kunne finne svara i OD- heftet som alle elevane hadde fått utdelt nokre dagar tidlegare på skulen.

Elevane fekk også tilgang til dataromma- og biblioteket ved skulen, slik at dei som ville finne meir og grundigare informasjon kunne gjere det.

Meininga med denne da-

gen var at elevane skulle gjere eit heilt dagsverk kring desse oppgåvene.

VANSKELEG Å FINNE SEG JOBB

Ein av personane som var på skulen denne dagen var Trine Myskja i 2MK2.

Kvifor deltok ikkje du på OD- dagen?

- Eg deltok ikkje på OD- dagen fordi at eg bur på hybel her i Volda, og det var svært vanskeleg å få seg jobb. Hadde det vore på ein fredag kunne eg ha reist heim og funne meg ein jobb der sidan eg har mange fleire kontakter der.

- Men eg synest også det var kjekt og sosialt på skulen denne dagen. OD- prosjektet er ein fin ting, og vi vil veldig gjerne delta om det hadde vore på ein fredag. Så kanskje er det ein ide å leggje OD- dagen til fredag? Så blir det kanskje endå færre elevar på skulen ein slik dag.

Av: Pia Roald



Om prevensjon

P-stav (hormonstav) Kondom

Kva er og korleis virker p-staven?

P-stav inneheld i likheit med p-sprøyte og minipille, berre eit kjønshormon - gestagen. Den virkar ved at slimet i livmorhalsen blir tjukkare og den hindrer egg-løysning. P-staven er 4 cm. lang. Ein lege set den med ei innføringssnål inn under huda på overarma. Den kan sitte inne i tre år og må også fjernast av lege. Du får lokalbedøvelse og bandasje både ved innsetting og fjerning. Det tek ca. ei veke frå staven vert fjerna til du kan bli gravid igjen.

Kor sikker er den?

Når den er sett rett på plass, er den nærast 100 % sikker. Om den vert sett inn 1. - 5. dag av menstruasjonen, er den sikker fra første dag, elles tek det to veker før den er sikker. P-staven kan nyttast av dei aller fleste kvinner.

Har p-staven biverkningar?

I likheit med p-sprøyte er blødningsforstyrrelsar den vanlegaste biverkninga. Nokre får oftare blødningar, dei fleste får sjeldnare blødningar og nokre mistar menstruasjonen heilt. P-staven kan også forårsake vektøkning, kviser og hodepine.

Korleis får eg tak i p-staven?

Du må til ein lege som er opplært i å sette inn p-stav. Underlivsundersøkelse er ikkje nødvendig, du bestem sjølv om du treng ein "sjekk". Det er inga aldersgrense.

Kva kostar ein p-stav?

Ein p-stav kostar ca. 1250 kroner.

Har kondom spesielle fordelar i forhold til andre prevensjonsmidlar?

Kondom er det einaste prevensjonsmiddelet som også beskytter mot seksuelt overførbare sjukdommar. Det beskytter også mot hiv-viruset.

Kva gjer eg visst kondomen sprekk?

Dersom kondomen sprekk kan du vere gravid og for og minske risikoen for det må du bruke nødprevansjon som kan kjøpast reseptfritt for 130 kroner på apoteket. Ein kondom som er sprukken er ikkje sikker mot seksuelle overførbare sjukdommar.

Kor lenge kan kondomar oppbevarast?

Kondomar har dato på pakkingen, etter dei er utgått bli gummien sprø og har lettere for å sprekk. Dei skal heller ikkje oppbevarast i varm temperatur.

Kjelde :

<http://www.seksuellopplysning.no>
Av: Mariann Aurstad og Pia Roald

Radiohaud er einarar på eternettet.

Radiohaud hadde si aller første sending førre fredag, og er svært fornøgde med resultatet.

Med gode programinnslag som t.d. høyrespel om kjærleikssorg, magasininnslaget "Kropp og sjel", og ikkje minst interessante innslag om nyhende og politikk vart det ei fullstappa sending som gav lyttarane gode opplevingar.

GOD MUSIKK OG OVER-RASKINGAR

Neste sending er allereie førstkomande fredag. Sjølv om dette blir ei noko amputert sending, i og med heildagsprøver og liknande, lovar redaksjonen god musikk og interessante innslag også denne fredagskvelden. Kanskje lurar det ei og anna overrasking i kulissene, også?

NYT SENDINGA FRÅ GODSTOLEN

Alt du treng å gjere er i alle fall å skru deg inn på Bygderadio Vest sin frekvens (105,5/103,7) klokka 19.00 førstkomande fredag, setje deg i godstolen og nytte opplevingane du får servert.

Høyr på Radiohaud!

Fredagar kl. 19.00 på Bygderadio Vest sin frekvens (105,5/103,7/104,9).

5 på skulen om OD- dagen

- 1: *Kva gjorde du på OD dagen?*
- 2: *Kva synest du om OD?*
- 3: *Har du erfaring før frå OD?*
- 4: *Veit du kva OD-pengane går til?*
- 5: *Kva synst du eit godt formål for OD pengane?*

Kristine Foldal

- 1.Eg selde vafler med ei i klassa mi i kantina på Ørsta stål
- 2.Eg synest det er heilt greit. Eg hadde det gøy
- 3.Nei
- 4.At unge i Nepal skal få skulegang
- 5.Ehmm.....Eg veit ikkje. Til fattige folk i andre land rundt om i verden.



Sondre Skår

1. Eg hjalp farmor med å sage ved, bytta vinter dekk, strødde galvinsert avfall for å fjerne måse og vaska vindaug
2. Bra det, men det er nesten ingen som jobbar lenger. Mange som berre gir penga for en dag fri.
- 3.Ja.har vore nede med farmor alle 3 åra. Eg og Narve
- 4.Ja går til barna i Nepal slik dei kan gå skule.
- 5.Eg synest det vi har hatt no var et bra formål og det vi hadde i fjor om trafficking



Line Risholm Velle

- 1.Då jobba eg på G-sport
- 2.Eg synes det er bra vi har det slik at vi kan hjelpe folk
- 3.Nei...var med i fjor men ikkje meir enn det
- 4.Ja. Det går til ungdom i Nepal og utdanning der
- 5.Kanskje folk som treng det? Folk i Afrika kanskje?



Heidi Ørstavik

- 1.Eg var på hytta, hjalp til der og laga middag.
- 2.Eg synest det er veldig bra. Vi gir en dag av livet vårt for å gi skulegang til fattige folk. Eg synest det er kjempe bra!
- 3.Eg jobba i fjor også
- 4.Til ungdom i Nepal og for ein våpenfri skule.
- 5.Veit ikkje heilt. Folk som treng det meir enn oss!



Sondre Sandvik

- 1.Eg satt på skulen her å arbeida med oppgave
- 2.Eg likar ikkje heile opp legger, men formålet var bra!
- 3.Nei
- 4.Til skulebygging i Nepal
- 5.Det er bra det dei gjer i år.

